

Kvamskogen-planen utsett igjen

Formannskapet krev store endringar i rådmannens framlegg til arealbruk på Kvamskogen.

SIGBJØRN LINGA

– Enkelte vil hevda me er presa av utbyggingskåte grunneigarar. Dei tek feil, sa Oddvar Brakestad (H) då formannskapet tysdag dytta kommunedelplanen endå meir ut i tid for å endra han.

Men for dei kom så langt, vitja åtte av ni medlemmer i det politiske organet næringslaget

på Kvamskogen, i form av leiar Rolf B. Bergesen, tidlegare Høgre-politikar.

– Laget fekk gå djupare inn i synspunkta sine, seier ordførar Astrid Selsvold (Ap).

– Verkar det ikkje litt rart at de fyrst møter næringslaget, og så vil de endra planen i tråd med lagets ynskje?

– Folk vil møta oss for å påverka heile tida. Punkta som vart drøfta, er dei same som dei fleste aktørane stilte spørjeteikn ved i dialogmøtet i oktober. Ikkje berre næringslaget er opptekke av dei, seier Selsvold. Ho seier det vert «for hypotetisk» å drøfta om

andre organisasjonar og enkeltpersonar hadde fått låna formannskapets øyre i si eiga stove.

Vil endra vesentleg

Då politikarane samlast etter utflukta, kom følgjande synspunkt straks på bordet:

- Livegen må bort. Ordførar Selsvold sa gløden for vege er fråverande.

- Han er vanskeleg å realisera og legg sterke avgrensingar i planen, sa Martin Vik (Sp).

- Planen er for detaljert.
- Reguleringsområde bør samlast i større område som får heilskepelege infrastrukt

turløysingar, sa Martin Vik.

- Vegløyisinga til hytteområda må vurderast no. Det finst ingen marknad for hytter utan veg til døra, sa Martin Vik.

Seinkar planen

Grunna ynskja om radikale endringar ville ikkje formannskapet senda planen på høyring. I staden skal dei samarbeida med administrasjonen om endringar. Målet er høyring i april eller mai.

- Dette tek tid og kostar, men me må laga ein plan som får aksept og skaper entusiasme i folket. Kvam treng ein suksess, sa Brakestad.

– Me er opptekke av ei fornuftig utbygging som tek miljøomsyn, men har jo skula på konkurrerende område. Me er i ein marknad, om me likar det eller ikkje, sa Brakestad, og etterlyste samspel med grunneigarar og næringsliv.

Brakestad seier dei som meiner politikarane ikkje tek vare på «mjuke verdiar», tek feil. Og dei som ikkje vil ha meir folk eller hytter på Kvamskogen, har for lengst tapt.

– Me må finna mønster som brukarane kan leva med. Spørsmålet er korleis me skal organisera suksessen, sa han.

– Dette finn eg meg ikkje i

Fredrik Tønjum ventar utolmodig på kommunedelplanen. Han blir på venterommet ei stund til.

SIGBJØRN LINGA

– Eg finn meg ikkje i dette, seier Tønjum, dagleg leiar ved Eikedalen skisenter, om utsetjinga av planen, som han vil motarbeida så godt han kan.

Plansjef Vidar Østerbø seier det er levert reguleringsplanframlegg som er seinke av bygge- og deleforbodet. Forbodet vart oppheva i september. Likevel er ingen av framlegga handsama seinare.

–Vilje gå ti år

Tønjum er ein av planlegjarane. I 1997 byrja skisenteret arbeida med hytteområde på Kråni i Eikedalen. Planframlegget er for lengst levert, men Tønjum har fått melding om venta på den nye kommunedelplanen. I rådmannens planframlegg er skisenterets ynskje imotekome. Det hjelper lite så lenge politikarane ikkje vil vedta det enno.


– Då me byrja i 1997, sa nokon at det ville ta ti år å regulera området. Me berre lo den gongen, seier Tønjum. Sju år har allereie gått.

Hytteområde

Føremålet med planen er å opna for 60-70 hytteomter på eit 222 mål stort område nær skisenteret. Det vil auka aktiviteten og betra driftsgrunnlaget. Utbygginga er ein varsam start.

– Andre stader i Noreg vert hyttene bygd tett inntil alpinanlegg. Her finst ikkje hytter, seier han og kikar ut.

Men viljen finst. Tønjum har ikkje tal på alle som har spurd når dei kan bygga hytte nær skisenteret. Han må avvi-



Fredrik Tønjum ved Eikedalen skisenter er lei av å venta på kommunedelplanvedtaket til politikarane i Kvam.

Skipla planen

– Aktørane ventar på vedtaket på me la opp til å gjera i september. Planen var å handsama detaljplanar parallelt med kommunedelplanen dersom dei samsvarer med han, seier Østerbø. Formannskapets krav om endringar medfører at eit halvt år går for planane kan fremjast.

– Eg må informera alle om situasjonen og alternativa, seier Østerbø. Han trur enkelte kan navigera etter gjeldande plan frå 1990. Han presiserer at personane bak planframlegga risikerer at den nye kommunedelplanen møter motsegn og vert endra.

– Det sikraste er å venta til overordna plan er endeleg vedteken, seier Østerbø. Han strekar under at overordna styresmakter kan skipla planar om til dømes hytter høgt i terrenget.

I vår hadde formannskapet fleire arbeidsmøte som skulle avklara grove trekk i planen. Heradet har for lengst fått innspela til planarbeidet. Likevel er ikkje dei folkevalde nøgde med rådmannens planframlegg.

– Lønar seg å venta

– Planen hadde mange manglar og tok lite omsyn til innspel frå næringslag og grunneigarar. Me treng ein ny runde for å vurdere planen, seier Rolf B. Bergesen i Kvamskogen næringslag. Han viser til at den førre planen er 15 år gamal.

– Er levetida 15 år, er det viktig å gjera arbeidet skikkeleg. Det kan løna seg å venta, seier han.

Leiar Erik Bjerring Hansen i Kvamskogen Vel reagerer på

kor stort gehør næringslaget får hjå politikarane.

– Det som kjem frå næringslaget, er så valdsamt at me nesten ikkje får trekt pusten og motargumentert før neste innspel kjem, seier han.

Bjerring Hansen reiste frå Bergen for å lytta til politikarane tysdag. Turen inn tok like lang tid som sjølv møte.

– Det kom litt lite ut av det, men det er greitt at saka tok denne vendinga, seier han.

Vurderer alpinanlegg

Oddvar Brakestad (H) seier eit 3.000 mål stort, nytt alpinområde på sørsida av Byrkjefjell vil verta drøfta av formannskapet. Næringslaget har lenge bede rådmannen ta anlegget inn i kommunedelplanen, men er ikkje høyrd.

Lågaste punkt for skiheisanlegget er 520 meter over havet for å sikra optimale smøtilhøve. Dei gamle alpinanlegga ligg 100-200 meter lågare. Dei er avhengige av vèret og har difor kort driftssesong.

Geoplan seier området kan få 300 fritidseingar, stolheisar, anlegg for brettkøyring og nødvendige sørvistilbod. Næringslaget har bede kommunen byrja planlegga vegløyising for anlegget snarast.

Anlegget vil ikkje vera synleg frå riksvegen. Store avstandar gjer anlegget lite synleg elles, skriv Geoplan.

Bergen Turlag protesterte i mars på framlegget, mellom anna fordi området har høg verdi for friluftsliv og fordi anlegget vert svært synleg.